



Arne Manger  
Radøyvegen 1737  
5936 MANGER

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/470 - 17/15756

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
20.12.2017

## Delingssak gbnr 49/8 Manger øvre - ny grunneigedom for eksisterande bustad - oversending av klage til uttale og avgjerd om utsett iverksetting

Kommunen har den 20.12.17 motteken klage på vedtak om dispensasjon og deling i sak 050/2017 datert 22.11.17.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav d. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til dykk som part i saka for uttale.

### **Frist for innsending av uttale til klagen er 10.01.18.**

Klagen vert handsama av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk. Møta vert halde på rådhuset og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på Radøy kommune si heimeside [www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no).

Handsaminga i Hovudutvalet kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av Hovudutval, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

### **Avgjerd om utsett iverksetting**

Hovudregelen er at vedtak får verknad frå vedtakstidspunktet, men kommunen «*kan*» treffe avgjerd om at vedtak ikkje skal iverksetjast før klage er endelig avgjort, jf. forvaltningslova § 42:

*Underinstansen, klageinstans eller annet overordnet organ kan beslutte at vedtak ikke skal iverksettes før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Når en part eller en annen med rettslig klageinteresse akter å gå til søksmål eller har reist søksmål for å få vedtaket prøvd ved domstol, kan organ som nevnt utsette iverksettingen til det foreligger endelig dom. Det*

*samme gjelder når en part eller en annen med rettslig klageinteresse akter å bringe eller har brakt en sak inn for Stortingets ombudsmann for forvaltningen. Anmodninger om utsetting skal avgjøres snarest mulig. For øvrig gjelder det som er bestemt i annen lovgivning om utsettende virkning av klage, søksmål m.m.*

*Det kan settes vilkår for utsettingen. Avslag på anmodning om utsetting skal være grunnlagt. Begrunnelse skal gis samtidig med avslaget.*

Avgjerda beror på eit heilskapleg skjønn og ein førebels vurdering av klagen, samt vekting av dei ulike interessene i saka. Omsynet bak føresegna om utsett iverksetting er rettstryggleik, ved at ein skal hindre gjennomføring av vedtak som kan medføre irreversibel skade eller tap.

Det er ikkje tenleg at det vert gjennomført oppmålingsforretning og oppretta ny eigedom før klagesaka er avgjort.

#### Avgjerd

Kommunen gjer avgjerd om utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42.

Avgjerda er prosessleiande, og kan ikkje klagast på.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Delingssak Gbnr 46/8 Manger øvre - ny grunneigedom for eksisterande bustad - dispensasjon - klage  
Klage - Radøy - Gnr 46 bnr 8 - Manger Øvre - Ny grunneigedom for eksisterande bustad - Dispensasjon

#### **Kopi til:**

|                                 |               |      |        |
|---------------------------------|---------------|------|--------|
| Fylkesmannen i Hordaland        | Postboks 7310 | 5020 | BERGEN |
| Oppmåling - Teknisk forvaltning |               |      |        |
| Radøy kommune                   |               |      |        |

#### **Mottakarar:**

|             |                 |      |        |
|-------------|-----------------|------|--------|
| Arne Manger | Radøyvegen 1737 | 5936 | MANGER |
|-------------|-----------------|------|--------|